



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	28.03.2019
Tid:	17:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Magne Reiten	MEDL	SP
Randi Anna Hånes	MEDL	H
Frits Inge Godø	NESTL	V
Arnstein Misund	MEDL	KRF
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Oline Blø	MEDL	AP
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP
Anette Giæver Hoel	MEDL	SP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP
Bjørn Wang	MEDL	V
Kolbjørn Ove Stølen	MEDL	H
Adrian Sørлие	MEDL	H
Ann Kristin Holten	MEDL	V
Rolf Kristiansen	MEDL	FRP
Inger Lise Trønningdal	MEDL	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	MEDL	AP
Robin Mikal Sørлие	MEDL	H

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Reidun Marita Seth Akselvoll	Lars Joar Hagseth	AP
Aslaug Jensen Sanden	Robin Mikal Sørлие	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Reidun Seth Akselvoll

Frits Inge Godø

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 19/12	Underskrift	
PS 19/13	Referatsaker	
PS 19/14	Godkjenning planprogram - Hovedplan vann og avløp 2020 - 2028, kommunedelplan	2018/384
PS 19/15	Kommunevåpen - nye Molde kommune	2019/79

Det vart halde møte i Midsund kommunestyre ved Midsund omsorgssenter torsdag 28.03.2019. Møtet tok til kl 17.00 og vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad (SP).

Lars Hagseth (AP) og Robin Mikal Sørлие (H) hadde meldt forfall.
Reidun Seth Akselvoll (AP) og Aslaug Jensen Sanden (H) møtte som vara.

17 voterande.

Aslaug Jensen Sanden hadde merknad til manglande innkalling.

Sak 19/14 vart trekt frå sakslista.

**Orientering om Antonbuprojektet ved arkitekt Asbjørn Bua frå arkitektene BBW.
Orientering om skuleprosjektet ved Arnold Askeland, Hamsto.**

OPEN POST:

- Ordføraren opplyste om at ordinære formannskapsmøte startar kl 09.00, og ordinære kommunestyremøte kl. 12.00.
- Dersom alt går etter planen vert det ekstra kommunestyre torsdag 11. april der godkjenning av skuleprosjektet kjem opp som sak.
- Midsund kommune tildelt prisen Årets båtkommune 2019.
- Kort orientering om arbeidet med bygging av omsorgsbustadar på Høgdatomta.
- Spørsmål/orientering frå varaordførar om veglys på kommunal veg.

- Oppmoding frå Kolbjørn Stølen om at møtekalenderen til ordføraren ligg open. Vidare ønskte Kolbjørn Stølen at ordføraren i neste kommunestyremøte orienterer om møter og eksterne oppdrag.
- Spørsmål frå Arnstein Misund om status for næringsfondet og om eventuell kommunal overtaking av Drønnesundvågen fiskerihamn.

Rådmannen viste til utdelt skriftlig orientering om:

- Endring av fakturering kommunale gebyr 2019 – to terminar som ei mellombels overgangsordning.
- Status rektorstillinga ved Raknes skule.
- Status teknisk avdeling. Her vil det kome sak til kommunestyret i neste ordinære kommunestyremøte.

-

PS 19/12 Underskrift

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 28.03.2019

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert Reidun Seth Akselvoll og Frits Inge Godø.

PS 19/13 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 28.03.2019

Protokoll frå møtet 14.02.2019 vert godkjent.

PS 19/14 Godkjenning planprogram - Hovedplan vann og avløp 2020 - 2028, kommunedelplan

Forslag til vedtak:

Med hjemmel i PBL § 11-13 godkjenner Midsund kommune planprogram for hovedplan vann og avløp 2020-2028.

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 28.03.2019

Saka vart trekt frå sakslista

PS 19/15 Kommunevåpen - nye Molde kommune

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre gir sin tilslutning til fellesnemnda for nye Molde kommune sin tilråding, og godkjenner «Storslått og energisk» som nye Molde kommune sitt kommunevåpen.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2019

4 røysta for innstillinga 1 røyst imot.

Vedtak i Formannskapet - 18.03.2019

Midsund kommunestyre gir sin tilslutning til fellesnemnda for nye Molde kommune sin tilrådning, og godkjenner «Storslått og energisk» som nye Molde kommune sitt kommunevåpen.

Behandling i Kommunestyret - 28.03.2019

Votering. 12 røysta for innstillinga frå formannskapet, 5 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 28.03.2019

Midsund kommunestyre gir sin tilslutning til fellesnemnda for nye Molde kommune sin tilrådning, og godkjenner «Storslått og energisk» som nye Molde kommune sitt kommunevåpen.

På slutten av møtet reiste ordføreren spørsmål om Midsund skulle søke om polutsal. Etter eit lengre ordskifte vart konklusjonen at ein ikkje gikk vidare med denne saka.

Møtet slutt kl 20.10.